

Vår saksbehandlar:  
Ester Barane Våge

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 26

Vår dato:  
12.09.2014  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
2008/1102-4020578/2014  
Dykkar referanse:

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

## **HØYRINGSUTTALE - FOSLAG OM Å FJERNE HENVISNING FRÅ FASTLEGEN NÅR KVINNER BEGJÆRER SVANGERSKAPSAVBROT. ENDRING I FASTLEGEFORSKRIFTEN OG I ARBORTFORSKRIFTEN**

Bømlo kommune har fylgjande uttale til høyring – forslag om å fjerne henvising frå fastlegen når kvinner begjærer svangerskapsavbrot. Endring i fastlegeforskriften og i arbortforskriften.

Saka har vore behandla i Utval for helse og omsorg 04.09.2014, og utvalet gjorde (mot to røyster) vedtak i samsvar med rådmannen sitt framlegg:

Bømlo kommune sluttar seg i vesentleg grad til Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag om å fjerne tilvising frå fastlegen når kvinner begjærer svangerskapsavbrot.

Kommunen har følgjande merknadar:

1. Det er grunn til å rekna med at ein del av dei fastlegar som praktiserer reservasjon mot å tilvisa til abort også reserverer seg mot å utføre andre medisinske prosedyrar slik som å setje inn spiral eller tilvise til assistert befruktning. Rådmannen meiner det er viktig å synleggjere at problemstillinga med reservasjon ikkje vert løyst ved ei presisering i fastlegeforskrifta. Slik forslaget frå departementet ligg føre vil det få konsekvensar for fastlegane sitt tilsetjingstilhøve og gje kommunar som allereie i dag opplever ein vanskeleg rekrutteringssituasjon utfordringar.
2. Sjølv om forslag til endring i fastlegeforskrifta presiserer at reservasjon av samvitsgrunnar ikkje fell inn under ordninga med felleslister, meiner rådmannen det bør vere rom for ei fordeling av oppgåver når fastlegen av samvitsgrunnar praktiserer reservasjon og at dette bør takast med i forskrifta særleg fordi legedekning i distrikta er ei utfordring.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

Ester Barane Våge  
Møtesekretær